

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3747 - 18/33004

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

28.12.2018

FEDJE SKULE - TILSYNSRAPPORT MED VARSEL OM VEDTAK

Den 29.10.18 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." ved Fedje skule. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Rektor Linda Husa og verneombod Åse Leivdal Kjølleberg møtte for verksemda. Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i skulen" (IS-2073).

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. trådte i kraft 1.1.1996.

§ 6; Krav om godkjenning: Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

➤ **Historikk**

Fedje skule er ikkje godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

For at skulen skal kunne godkjennast etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler», skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Det blei utført tilsyn etter forskrifta ved skulen i 2006, 2009, 2012 og 2015.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

Tidlegare meldte avvik som ikkje er utbetra er bl.a.:

- Skulen er ikkje godkjent etter forskrifta (§ 6).
- **Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima (§ 19).** Dette er hovudårsak til at skulen ikkje er godkjent.
- Skulen har ikkje universell utforming (§ 9). (Rettast når det vert meldt om at elev med nedsett funksjonsevne skal begynne på skulen).

I tilsynsrapport frå 2015 vart konklusjon som fylgjar:

«§ 6 Krav om godkjenning.

Virksomheter som omfattes av forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., jf. § 2, skal være godkjent av kommunen».

..... avvika har vore påpeikt sida 2006, men framleis er ikkje avvika lukka.

Kommunen må fatte vedtak som kan lukke avvika, slik at elevar og tilsette får dei arbeidsforholda som dei har krav på i samband med forskrifter og lovverk, samt at Fedje skule kan godkjennast etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular».

Det er ikkje haldbart at elevar og tilsette ikkje har t.d. tilfredsstillande inneklima år etter år.

➤ Tilsyn

Fedje skule er barne- og ungdomsskulen på Fedje.

Skulen har 76 elevar i 2018.

Skulen har sidan sist tilsyn rehabilitert naturfagsal og toalett knytt til elevane på «gamleskulen». Naturfagsal har fått punktavsug over pultar, avtrekksskåp og kjemikaliar oppbevarast forsvarleg i egne skåp.

Toalett til elevane på «gamleskulen» har vore oppgradert, og står fram som tilfredsstillande. Det er også bygt eit HC-toalett, for personar som er røynslehemma.

Oppgradering/rehabilitering av rom på skulen er positivt.

Drøftingsmøte:

Den 13.12.18 vart det heldt eit drøftingsmøte for å synleggjere avvik og merknadar som vart funne på tilsynet. Til stades var rådmann Nils Moldøen, teknisk sjef Øyvind Tolleshaug, kommuneoverlege Ernst Horgen og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

- Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift.
(Avvik kan føre til manglande godkjenning. Alle krav i forskrifta skal vere oppfylt).
- Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Fører ikkje til manglande godkjenning).

Det vart ved tilsynet avdekka 4 avvik og 6 merknadar.

Avvik:

- **Avvik 1: Skulen manglar godkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler***

Avvik frå § 6; *Krav om godkjenning*

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

Skulen tilfredsstiller ikkje krava til godkjenning etter forskrifta.

Utdrag frå forskrifta:

§ 1; Forskriftens formål er å bidra til at miljøet i barnehager, skoler og andre virksomheter som nevnt i § 2 fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt forebygger sykdom og skade.

§ 6; Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

Kommentar:

Skulen må utbetre/lukke avvik og deretter søke om godkjenning etter forskrifta (§6). Søknadsskjema med sjekklister får ein på førespurnad hos miljøretta helsevern v/Grethe Elin Mjelde.

- **Avvik 2: Skulen er ikkje lagt til rette for personar med funksjonshemming**

Avvik frå § 9; *Utforming og innredning*

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

Skulen har ikkje universell utforming.

Kommentar:

Skulen må planleggje og leggje til rette lokalane så snart det vert kjent at elev med spesielle behov skal begynne på skulen. Ved søknad om godkjenning etter forskrifta, må ein legge ved plan for universell utforming.

- **Avvik 3: Tryggleiken på avsats (gelender) må utbetrast**

Avvik frå §14. Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

Gelender på avsats er lågt med omsyn til fallhøgde.



Kommentar:

Gelender må sikrast med høgare rekkverk eller anna løysing. Ein ber om at dette vert retta snarast mogleg.

- **Avvik 4: Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima.**

Avvik frå §§ 19; Inneklima/luftkvalitet

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avvika:

Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima.

Kommentarar:

Tidlegare inneklimakartlegging viser at skulen ikkje har tilfredsstillande inneklima.

Skulen må syte for tilfredsstillande inneklima.

For å oppnå tilfredsstillande inneklima må det vere tilfredsstillande måling av CO₂ (luftutskifting), temperatur og relativ luftfuktleik (RL) samstundes.

FHI: Anbefalte faglige normer for inneklima (rapport 2015:1)

Karbondioksid (CO₂). CO₂-målinger kan gi et bilde av luftskiftet i et rom hvor mennesker antas å være den dominerende forurensningskilden (på grunn av utåndingsluftens innhold av CO₂).

Konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂) i skolens klasserom sier noe om hvor god luftkvaliteten er, og om det er behov for bedre tilførsel av frisk luft.

Dersom CO₂-innholdet overstiger denne verdien, er det et tegn på at ventilasjonen er for dårlig i forhold til antall personer som oppholder seg i rommet.

Inneklima som årsak til sykdom. Inneklimaforhold som temperatur og ventilasjon kan påvirke skoleprestasjoner og arbeidsevne. Selv om de aller fleste ikke blir syke av dårlig inneklima, kan inneklimarelaterte risikoforhold føre til både ubehag og mistrivsel. En del vil også kunne oppleve forverring av eksisterende sykdom og i noen tilfeller at sykdom utløses.

Viser til inneklimate rapport frå 2014 – samandrag (Ref. 2014/224 – 2366/3014):

- Måleresultata viser at CO₂-konsentrasjonen ligg over norm (< 1000 ppm), når det oppheld seg personar i klasseromma. Snittmåling ligg mellom **945 – 1700 ppm**, og maksimalverdiar mellom **1189 – 2700 ppm**. Luftutskiftinga er **ikkje** tilfredsstillande.
- Lufting med vindauge vert utført jamleg, men har dessverre ingen målbar effekt.
- Bygget har vorte tettare etter rehabilitering, slik at trekk gjennom vegg/vindauge no er stoppa. Resultatet er tilfredsstillande temperatur, men det vert dessverre opphoping av CO₂.
- Relativ luftfuktleik (RL) er i øvre område av det som er anbefalt. Dette har samanheng med dårleg luftutskifting.
- Skulen bør unngå dobbelttimer (oftare friminutt som ein kan nytta til å lufte).

Rådmann og kommuneingeniør la vekt på at skulen må drive med dei lokala ein har og sikre system for utlufting i friminutta, unngå dobbeltimar og elevane ut i friminutta. Ein vil sette i verk tiltak for å betre inneklimate i skulen.

Merknadar:

- **Merknad 1: Skulen må betre internkontrollsystemet**

§ 4; *Ansvar. Internkontroll*

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:

Skulen har internkontroll og internkontrollsystem.

Internkontrollsystemet må bli betre, slik at skulen kan vise til at avvik blir retta.

Kommentar:

Skulen/kommunen må få på plass tiltak som fører til at avvik blir retta.

- **Merknad 2: Skulen/kommunen må revidere/oppdatere vedlikehaldsplanen**

§§ 6, 7 og 13; *Krav om godkjenning, generelle krav, rengjøring og vedlikehold.*

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:

Skuleleiar kan ikkje vise til ei oppdatert vedlikehaldsplan.

Det blei opplyst at det blir utført årleg utvendig synfaring.

Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert oppretthaldt for heile bygningsmassen.

Kommentar:

Fedje kommune må oppdatere vedlikehaldsplanen for skulen. Vedlikehaldsplan må beskrive innvendig og utvendig vedlikehald. Denne bør vere eit styringsdokument for kartlegging av vedlikehaldsbehov med påfølgjande kostnadar på kort og lang sikt.

På tilsynet blei det bl.a. avdekka hol i golvet på «nyeskulen», samt lause golvfliser. Vedlikehald og reperasjon av f.eks. golvflater må inn i ei vedlikehaldsplan. Lause golvfliser gjer det vanskeleg å halde reint og kan samle sopp og bakteriar.

- **Merknad 3: Verksemda/skulen manglar dokumentasjon på tilfredsstillande branntryggleik**

§14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

- Skuleleiar kan ikkje dokumentere tilfredsstillande branntryggleik.
«Virksomheten skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».

Kommentar:

- Skule er *særskilt brannobjekt*. Det stillast krav til organisering og dokumentasjon av branntryggleiken.
- Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling (NGIB) utførte tilsyn i 2016 (ref. 2016/39), som påpeikte 6 avvik. NGIB har ikkje motteke tilbakemelding på om at avvika er retta.
- Kommuneingeniøren har lagt vekt på at det ikkje er krav til brannvarslingsanlegg jfr lovverket.

- **Merknad 4: Verksemda/skulen må oppdatere rutinar for kontroll av tryggleiken**

§14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

- Verksemda utførar kontroll av leikeplassutstyr, men denne er ikkje regelbunden. Det er uklårt om leikeplassutstyr vert kontrollert etter gjeldande forskrift/standard.
- Skulen/verksemda utførar årlege vernerundar, men det er uklårt om dette omfattar risikovurdering med omsyn til elevar sitt arbeidsmiljø.

Kommentar:

- Leikeplassutstyr må kontrollerast jamleg etter «Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr»
Viser til: § 16. Ettersyn og vedlikehold
«Den som anskaffer eller eier leikeplassutstyr er ansvarlig for jevnlig ettersyn og nødvendig vedlikehold, slik at utstyrets sikkerhetsegenskaper opprettholde».
I tillegg kjem «Standarden»; NS-EN 1176 del 1-7 og del 10-11 «Leikeplassutstyr og underlag».

Rektor må få kopi av utført kontroll.

- Risikovurdering må vere ein del av vernerundar, og omfatte både elevar og tilsette sitt arbeidsmiljø.

- **Merknad 5: Kantine (gamal gymsal) har ikkje tilfredsstillande lydforhold**

§§ 11 og 21; Måltid og lydforhold

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Skulen bør ha eit triveleg spisemiljø. I kantinen opplevast lydforholda som ikkje tilfredsstillande (lang etterklangstid/dårleg støydemping).

Kommentar:

Skulen bør vurdere lydforholda i kantinen, og utføre ev. tiltak for å betre lydforholda (støydemping) .

- **Merknad 6: Fuktskade i «nyeskulen»**

Følgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:

I «nyeskulen» har det vore lekkasje frå taket.

Det er fukt i tak og himling «buler», samt at det er funne fukt i vindaugskarmer.

Kommentar:

Fuktskade er under snarleg utbetring.

Fuktskade kan føre til alvorlege helseskadar dersom det oppstår oppvekst av for eksempel muggsopp.

➤ **Tilbakemelding på tilsynsrapport og varsel om vedtak**

På tilsynet var det avdekket 4 avvik og 6 merknadar.

Frist for utbetring og lukking av avvik nr 3 (lågt gelender med fare for fallskade) er innan 31.01.19.

Vi ber verksemda om ei skriftleg stadfesting på at avvik nr 3 er retta innan fristen.

Denne oversendinga er å rekne som eit varsel om at pålegg vil bli gitt for å bringe avviket i orden. Eit slikt rettevedtak er heimla i folkehelseloven § 14.

Frist for skriftleg tilbakemelding på når det er mogleg å lukke avvik 1, 2 og 4 er sett til 01.04.19. Skulle det ikkje la seg gjere å rette avviket innan fristen, ber vi om ei tilbakemelding om årsak og ein tidfesta handlingsplan for når avvik vil vere retta.

Kommentarfrist til varsel om vedtak

Miljøretta helsevern ber om tilbakemelding på eventuelle faktafeil, og ev. kommentarar til varsla vedtak.

Frist for tilbakemelding er **3 veker etter motteke varsel.**

Når kommentarfristen er gått ut, vil vedtak bli fatta, ev. korrigert iht. kommentarar.

Utbetring av merknadar bør utførast, ev. bør merknadar løysast jfr ein handlingsplan.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på merknadar innan **01.04.19.**

Tilbakemelding sendast til **mjge@lindas.kommune.no**, eller **Lindås kommune ved Miljøretta helsevern, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**

Med helsing

Ernst Horgen
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link:

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/418/Miljo-og-helse-i-skolen-Veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-IS-2073.pdf>

Folkehelseinstituttet (FHI): Anbefalte faglige normer for inneklima (rapport 2015:1)

<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2015/anbefalte-faglige-normer-for-inneklima-pdf.pdf>

Fuktproblemer i skoler og barnehager - brosjyre med anbefalinger for helsetjenestens håndtering

<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/trykksaker/fuktproblemer-i-skoler-og-barnehager---brosjyre-med-anbefalinger-for-helsetjenestens-handtering.pdf>

Kopi til:

Linda Husa

Nils Moldøen

Øyvind Tolleshaug

Åse Leivdal Kjølleberg